



Saksbehandlar: Berit Sandvik Skeide

Dato: 27.05.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
76/19	Formannskapet	11.06.2019

Søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid på Grevsneset, gnr. 31, bnr. 1

Samandrag:

Formannskapet 11.06.2019:

Behandling:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

FSK- 76/19 Vedtak:

Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova, § 12-8, formannskapet til å gi løyve til oppstart av reguleringsplanarbeid på gnr. 31, bnr. 1 på Grevsneset.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova, § 12-8, formannskapet til å gi løyve til oppstart av reguleringsplanarbeid på gnr. 31, bnr. 1 på Grevsneset.

Vedlegg:

Søknad oppstart av planarbeid
Referat frå oppstartsmøte-29-4-2019
2 Planinitiativ

Saksopplysningar:Bakgrunn

På Grevsneset er det eit gamalt steinbrot som har vore i drift sidan 1987. Det har vore litt aktivitet siste 6 åra. K. A. Aurstad AS tok ut litt murstein i denne perioden. JMC Holding AS ynskjer og planar om å ta ut resterande massar. Totalt er det ca. 720 000 fm³ med fjell.

Søknad om oppstart av planarbeid

AG Plan Arkitektur AS har på vegne av tiltakshavar JMC Holding AS, søkt om løyve til oppstart av reguleringsplanarbeid på gnr. 31, bnr. 1 på Grevsneset.

Det vart halde oppstartsmøte 29.4.2019 på Volda rådhus. I møtet vart saka presentert og skjema for oppstartsmøte vart gått gjennom. I møtet konkluderte ein med at spørsmål om oppstart av planarbeid skal leggast fram for formannskapet for godkjenning. Kommunen stilte seg positiv til prosjektet, men gav samstundes klart uttrykk for at ein ikkje kan ta stilling til ein del moment før komplett planforslag ligg føre.

Det vert elles vist til planinitiativ som vart levert inn før oppstartsmøte. Dokumentet gjer nærare greie for planlagt tiltak.

Tiltakshavar

JMC Holding AS ved Cato Aurstad.

Lokalisering

Planområdet ligg på Grevsneset, ca. 3,5 km sør for Volda sentrum. Området ligg i all hovudsak mellom tidlegare fylkesveg, Austefjordvegen, og ny E 39 (Rotsethorntunnelen). Sjå vedlegg 1 for meir informasjon om lokalisering av planområdet.

Mål for arbeidet

Målet med planarbeidet er å få godkjent ein reguleringsplan som gir løyve til uttak, knusing og lagring av fjellmassar. Nytt anlegg for mottak og bearbeiding av returafalt og returbetong skal også inngå i området.

Planstatus

I kommuneplan 1989-2000 er området lagt ut til LNF-område med forbod mot spreidd utbygging (LNF-sone A). Innanfor området kan ikkje byggje- og anleggstiltak som ikkje har direkte tilknytning til landbruksnæringa tillatast.

I forslag til kommuneplan, som er under utarbeiding, er området lagt ut til råstoffutvinning, BRU9-Grevsneset.

Området er ikkje tidlegare regulert.

Avgrensing av planområdet

Planområdet omfattar eit areal på ca. 133 daa. Det er teke med rikeleg areal kring planlagt tiltak. Som det går fram av kartet nedanfor, er det teke med areal som ligg over Rotsethorn-tunnelen. Planen skal ikkje omfatte tunnelanlegget og har ikkje konsekvensar for det. Området som inngår gjeld overflata, og er teke med at omsyn til fjellsida ovanfor planlagt uttak. Plangrensa kan bli endra som følgje av planprosessen. Sjå vedlegg 1 for meir informasjon om avgrensing av planområdet.

Tilkomst til området

Tilknytning til offentleg veg er tenkt som i dag via offentleg veg til Grevsneset via Rotsethorn-tunnelen. Tilkomst vidare til planområdet vert den gamle Austefjordvegen som er stengd med bom frå rundkøyringa på Grevsneset. Veggen er også stengd med bom i sør, ved Løvikneset.

Planprogram, konsekvensutgreiing (KU)

Konsulent har gjort vurderingar knytt til vesentlege verknader, og konkludert med at planarbeidet ikkje utløyser krav om planprogram. Kommunen seier seg samd i vurderinga.

Tiltaket er konsekvensutgreidd i samband med kommuneplanen sin arealdel med slik konklusjon: «*Omfanget av tiltaket vil truleg kunne ta omsyn til verdiane i området og ikkje medføre store negative konsekvensar. Det må avklarast om tiltaket krev sikring mot skred. Det vil vere krav om RP for tiltaket. Forslaget kan imøtekomast på vilkår av avbøtande tiltak i RP.*»

Vurdering og konklusjon:

Kommunen har gjennomført plansjekk og risikosjekk (www.gislink.no). Området er utsett for ras og ligg innanfor aktsemdområde for alle typar skred. Det er registrert edellauvskog med svært viktig verdi i området. Det er også registrert oter i området. Problemstillinga knytt til skred og naturverdiane må skildrast nærare i planprosessen.

Som del av planarbeidet skal det utarbeidast ROS-analyse. Fylkesmannen sitt ROS-skjema kan nyttast som utgangspunkt. Gjeldande retningsline for handsaming av støy i areal-planlegging, T-1442/2016, skal leggjast til grunn.

Kommunen har vurdert tiltaket etter «Forskrift om konsekvensutgreiing» etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje utløyser krav om planprogram eller konsekvensutgreiing jf. § 4 i forskrifta.

Den gamle fylkesvegen vert mykje nytta i rekreasjonssamanheng, og ein må sikre at folk kan ferdast trygt på vegen. Kommunen krev at etterbruk/tilstelling av området etter avslutta uttak vert skildra i planarbeidet. Det er viktig å sikre god medverknad frå naboar og andre som har interesse i området.

Rådmannen rår til at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid på gnr. 31, bnr. 1 på Grevsneset.

Rune Sjugard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
sektorsjef